

Protokoll

Sentralstyremøte nr. 7/2016

Norges Friidrettsforbund

24. august 2016 kl 16.30

På Radisson BLU Gardermoen

Tilstades:: Tore Hordnes, Svein Arne Hansen, Kalle Glomsaker Anne Farseth, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Ellen Strøm
Juliussen Monica Grefstad Frøyenes, Atle Guttormsen og Stine Haugum.

Fra sentral-administrasjonen: Kjetil Hildeskor, Matias Lavik (i sak 56)

Referent: Narve Heggheim

Saksliste for styremøte 7-2016:

- Sak 54/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte 290716
- Sak 55/2016 Rapport frå kvar enkelt om kva som har skjedd sidan sist
- Sak 56/2016 Undersøkelse klubbar om effekten av klubb utvikling
- Sak 57/2016 Status økonomi 2016
- Sak 58/2016 Budsjett, behandlingsprosess og ramme for toppidrett 2017
- Sak 59/2016 Innspel på saker som skal behandlast i haust
- Sak 60/2016 Styreseminaret stad og program
- Sak 61/2016 Idrettsregistreringa 2017, prosess og tiltak
- Sak 62/2016 Reklame på fast friidrettsdekke

Sak 54/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte 290716

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjend.

Sak 55/2016 Rapport frå kvar enkelt om kva som har skjedd sidan sist

Sak 56/2016 Undersøkelse klubbar om effekten av klubb utvikling

Hovedtrekk frå masteroppgave der ein har sett på effektane av klubb utvikling i norsk friidrett vart presentert.

Hovedkonklusjonen i undersøkelsane i oppgåva som er gjennomført er at ein har sett relativt lite nytte av klubb utvikling i fleire av klubbane, ein bør kanskje gå tyngre inn i klubbane ein vel ut og at ein bør velje ut færre klubbar for å oppnå ønska effekt. Klubbar som har fått klubb utvikling via NFIF er meir fornøgde med prosessane enn dei som har fått oppfølging via Idrettskretsane sitt opplegg. I framtida må ein ta ei vurdering av om ein skal prioritere klubb utvikling like tungt som ein har gjort til no.

Sak 57/2016 Status økonomi 2016

Prognose pr 220816 vart lagt fram. Prognose indikerer ein negativt resultat på kr **-2 741 223** mot budsjettert underskudd på kr 2.000.000,-

Vedtak: Framlagt prognose vart teken til orientering.

Sak 58/2016 Budsjett, behandlingsprosess og ramme for toppidrett 2017

Styret drøfta prosess omkring neste års budsjett. Det er viktig å få sett hovedrammer for toppidrett tidleg då sesongplanlegginga for 2017 sesongen startar før endeleg budsjett er vedteke.

Vedak: Administrasjonen utarbeider rammebudsjett for toppidrett til neste styremøte. Endeleg budsjettutkast har ein som mål å få på plass på styreseminaret seinare i haust.

Sak 59/2016 Innspel på saker som skal behandlast i haust

Vedtak: Styremedlemmene bes sende inspel på saker for styremøtene til generalsekretær.

Sak 60/2016 Styreseminaret stad og program

Program og plassering av styreseminar vart drøfta.

Vedtak: Styreseminar vert lagt til Kristiansand 11.-13. november i forbindelse med Nordisk mesterskap i terrengløp.

Sak 61/2016 Idrettsregistreringa 2017, prosess og tiltak

Idrettsregistreringa som vart avslutta i juni viste nedgang for friidrett. Ved evaluering har ein funne at dei tre greinnavna klubbar/grupper skal registrere aktive på ikkje dekkar dei ulike aktivitetane ein no har i friidretten totalt sett. Det er behov for å gjere endringar spesielt med tanke på at det i 2017 er obligatorisk med elektronisk medlemsregister i alle organisasjonsledd i NIF.

Vedtak: Administrasjonen gjer nødvendige endringar på greinene i idrettsregistreringa og får dette godkjend av NIF for bruk i 2017.

Sak 62/2016 Reklame på fast friidrettsdekke

Det er komme forespørsel frå klubb om å legge permanent reklame på banedekke for friidrett. Dette er den første sak av denne typen me er kjent med i norsk friidrett og den er dermed prinsipiell. Her er fleire mulegheiter for konflikter spesielt der fleire klubbar brukar same anlegg til arrangement.

Vedtak: NFIF går i samtaler med klubb som har sendt forespørsel der det vert gått igjennom utfordringane som vil bli med fast reklame og utfordringar dette kan gje i forbindelse med ulike arrangement og meisterskap på anlegg med fast reklame på dekket.

Møtet slutt 20.20